

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 18.09.2012  
**Tidspunkt:** 14:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf.:57 64 31 28/ 41 14 38 62.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 6/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om utvida løyve til helikoptertransport i samband med gjenoppbygging av bru i Oldeskaret		2012/1931

ST 6/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Arkivsaksnr: 2012/1931-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 17.09.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	7/12	18.09.2012

## Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om utvida løyve til helikoptertransport i samband med gjenoppbygging av bru i Oldeskaret

### Innstilling frå forvaltaren

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt får Utmarksressurs AS ved Ole Runar Aabrekk løyve til:

- Flyging med helikopter, inntil fem landingar, for å frakte material til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret, og uttransport av bygningsmateriell frå Jarbu. Det kan landast ein gong ved Jarbu, medan resten av landingane skal vere på staden brua skal plasserast i Oldeskaret. Løyvet gjeld alle dagar, inkludert helgedagar, fram til og med 21. desember. 2012.

Løyvet blir gitt på vilkår av at:

- Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt.
- Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen skal varslast i førekant av flyginga.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha ein kortfatta rapport i ettertid av flyginga.

### Saksopplysningar

Utmarksressurs AS ved Ole Runar Aabrekk har søkt om å få utvida det eksisterande løyvet til helikoptertransport av material i samband med gjenoppbygging av brua i Oldeskaret. I møte 8.5.2012 gav Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til fylgjande:

- Flyging med helikopter, inntil fem landingar, for å frakte material til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og det skal ikkje flygast i helgar eller på heilagdag. Statens

naturoppsyn v/ Anne Rudsengen skal varslast i førekant av flyginga. Forvaltningsmyndet skal også ha ein kortfatta rapport i ettertid av flyginga.

Utmarksressurs AS søker no om å få utvida løyvet til også å gjelde helgedagar (i søknaden står det heilagdaggar, men i telefonsamtale med søker kom det fram at det er helgedagar som er aktuelt) frå og med laurdag 22. september. Utmarksressurs AS søker også om å få endra løyvet til å innebere ei landing ved den opne turisthytta Jarbu, om lag 200 høgdemeter over brua. Føremålet med dette er å samtidig kunne frakte ut gammalt bygningsmateriell som har samla seg over tid.

Årsaken til at dei ynskjer å få utvida løyvet er at dei ikkje har klart å gjennomføre helikoptertransporten fram til no grunna dårleg vêr. Brua, som er seks meter lang, skal fraktas opp i eit stykke. Det gjer at det ikkje kan vere mykje vind, samtidig som det må vere god sikt. Det har vist seg å vere vanskeleg å finne tidspunkt der vêrtilhøva er gode nok. Vêrmeldinga for kommande helg viser at det kan vere gode tilhøve for helikoptertransport laurdag 22. september.

I søknaden er det opplyst om at endringane ikkje fører til meir bruk av helikopter enn det opphavlege blei gitt løyve til, berre ei landing på ein annan stad. Det er og opplyst om at turisttrafikken i dalføret i slutten av september er liten.

### **Vurdering**

Endringane frå den opphavlege søknaden vil etter forvaltaren sitt syn ikkje kunne påverke naturmangfaldet ut over det som er vurdert tidligare. Landinga ved Jarbu er i same området, og påverke dei same verdiane som landing i Oldeskaret. Det er difor berre tilhøvet til å utvide løyvet til også å gjelde helgedagar som må vurderast på nytt. Søklar opplyser om at turisttrafikken i dalføret er liten i slutten av september. Sjølv om forvaltaren ikkje sit på tal som kan stadfeste dette, er det svært sannsynleg at dette stemmer. Likevel vil det alltid vere fare for å forstyrre fleire på ein laurdag eller sundag enn det er på ein vekedag. Samtidig er det viktig for friluftslivet å få sett på plass brua snarast mogleg. Så langt forvaltaren kjenner til kan snøforholda gjere at det er vanskeleg å få sett på plass brua tidleg på sommaren. Forvaltaren vurderer difor at å utvide løyvet til også å gjelde helgedagar er naudsynt i dette tilfellet, for å sikre at brua blir sett opp i år, og er klar til bruk til dei fyrste turgåarane i 2013.